


BJERKREIMS NYTT



Med støtte fra
 Rogaland
fylkeskommune

DALANE
KULTUR
FESTIVAL
23.-27. APRIL



Les mer om programmet
på dalanekulturfestival.no,
eller scan QR-koden



MARI BOINE • TØNES M. FRØKEDAL • MIMIR KRISTJANSSON
VAMP • UTEKINO • JUBILEUMSFEST • RUNE NILSEN
SVERRE INDRIS JONER M. CLASSICO LATINO • TØFL
LINDESNES TREKKSPILLKLUBB • LIV GULBRANDSEN
OG MYE MER...

**INFO TIL BJERKREIMBUEN
APRIL 2025**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30
Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 22. april kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast fredag 2. mai. Skriv kort!. Om du vil sende bilet, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



JUBILEUMSÅRET 2025



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

2025 er eit år fylt av feiringar og markeringar. Ulike jubileum står i kø. Det vil føre med seg fleire arrangement, både små og store. Fyrst ute var Bjerkreim helselag som i år feirar at det er 100 år sidan sterke kvinner starta opp foreininga. Ein av dei første tinga dei fekk på plass var Bjerkreim sin fyrste sjukepleiar. Kampen mot tuberkulose, ein sjukdom som medførte høg dødelegheit, var særskilt viktig. Dei fekk på plass sjukekasse, spedbarnskontroll og vaksineprogram. Svært viktige brikker mot det helsevesenet me har i dag. Dei siste 100 åra har helseforbetringane vore enorme, og fleire faktorar har ført til dette. Kommunelegen trekte fram desse årsakene i si helsing på jubileumsfesten: Betre hygiene og sanitære forhold, vaksinar, antibiotika, betre ernæring, teknologiske framsteg, folkehelsestiltak fremma via kamarer, svangerskapsskontroll, betre arbeidsforhold og auka fokus på psykisk helse og livskvalitet. Alt dette har små lokale foreiningar bidrige til å få på plass. Snakk om å bygge landet!

Eit mindre jubileum har Bjerkreim idrettslag, som i mai er 60 år. Sjølv sagt også verd å markera. Viktig for små og store som kvar veke er innom stadion, eller Bjerkreimshallen. Idretten er ein arena der ein kan treffast på tvers av sosial, kulturell og religiøs bakgrunn. Dette er svært positivt for eit kvart lokalsamfunn. I mai vert 80 år med fred markert. I ei uroleg tid er det viktig å gle seg over den fredelige tida som har vore sidan landet vart fritt etter fem år med okkupasjon. Det er no få tidsvitne att som hugsar frå desse åra, og dei som er att var born. Me skal markera med felles Dalanearrangement i Lund, felles Rogalandssamling i Sandnes, og lokalt saman med Ættesogelaget her i Bjerkreim.

Så skal 200-årsjubileet for den første organiserte utvandringa frå Noreg til Amerika markeras. Over ein million reiste. Av nød og av eventyrlyst. Mange og frå Rogaland. Utvandring og innvandring går føre seg i stor grad i Europa i dag. No er det ikkje lenger me som reiser ut på jakt etter eit betre liv, det er andre som innvandrar til oss for å finne fridom, tryggleik og nye moglegheiter. Det vert små og store arrangement som skal sette sokelys på migrasjon før og nå.

Kyrkja i Rogaland feirar ikkje mindre enn eit 900-årsjubileum. At Stavanger domkyrkje stod ferdig i 1125, markerer ikkje berre at byen vaks fram, men og at bispedømme som me lokalt er ein del av, vart etablert. Dette vert og markert lokalt hjå oss. Friluftsgudsteneste på Tengesdal, der ein trur det har vore ei stavkyrkje, vert ei bra markering i friluftslivets år!

Så, det kan verda eit festleg år. I tillegg vil det i 2025, som i alle år, vera innbyggjarar som feirar sine private jubileum. Stor gratulasjon frå meg til de som har åremålsdagar dette året. Feir slik du likar, med selskap eller fest, eller med ein tur på heia, om det er det du trivst best med. Gratulerar til alle!

Vennleg helsing, Tone Vaule

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

LMT-utvalg	Tysdag 01.04 kl. 14.00
Levekårsutval	Tysdag 01.04 kl 19.00
Formannskap	Onsdag 02.04 kl 16.00
Felles råd	Måndag 07.04 kl 13.00
Ungdomsråd	Måndag 07.04 kl 16.00
Kommunstyret	Tysdag 08.04 kl 18.00



NY LEGE I SPSIALISERTING

Ann Vilde Kristensen er ny lege i spesialisering ved Bjerkreim legekontor fram til 1. september 2025.

FRILUFTSLIVETS ÅR 2025

Aktiviteter åpne for alle

Bjerkreim kommune oppfordrer institusjoner, lag og foreninger samt enkeltpersoner til å både registrere eksisterende friluftslivaktiviteter, og kanskje tenke ut om dere kan arrangere noe ekstra?

Her er noen friluftsaktiviteter du kan delta på:

Bjerkreim helselag .

Tirsdagsturer med Elsa.

Turene går uansett vær, hver tirsdag kl 10.00, følger skoleruta. Oppmøte utenfor Uninor. Åpent for alle, men du må klare å gå motbakker i terregn, turen er som regel mellom 5-8 km lange. For mer info: kontakt Elsa Vaule på tlf. 477 51 043.

3G turgruppe: Lavterskelturer som passer for alle. Alternative turlengder. Matpause. Se side 4/5 i dette bladet.

Bjerkreim bygdekvinnelag:

Planlegger turer til ulike dagsturhytter på følgende datoer: 29.04, 03.06 og 20.08. Mer informasjon i Bjerkreimsnytt og på Bygdekvinnenes facebookside. Åpent for alle.

Bjerkreim idrettslag: Berseløpet søndag 27. april. Både løpende og gående er velkomne! Mer informasjon på side 4/5 i bladet.

KOMMUNEHUSET I PÅSKEN:

Onsdag 16. april er kommunehuset stengt.

SOMMARHJELP TIL KLØGETVEDTTUNET

Vi søker kjøkkenhjelp til Kløgetvedttunet fem sørnader i juni og august.

Arbeidstid: Sørnader fra kl. 11.00 - 16.30.

Arbeidet passer for ungdom, og det kan bli aktuelt å dele sørnaderne på flere søker.

Vet du at det er sørnader i juni og august du ikke kan arbeide, opplyser du om dette i søkeren.

Søknadsfrist: 28.04.2025

Arbeidet består i å lage og selge lapper, kaffe/te og brus/is og rengjøring/rydding. Lønn etter lokale takster for arbeid/oppdrag av kortere varighet.

Kontaktperson: Annette Nedrebø, rådgiver kultur, tlf: 51 20 11 14/ 988 80 147

VIKTIG: Se heimesida til kommunen, ledige stillinger, for å søke.

KAN DU STILLE SOM VALMEDARBEIDAR PÅ VALDAGEN?

Vi treng valmedarbeidarar. Har du lyst å vera med?

Stortings- og sametingsvalget er mandag 8. september. I Bjerkreim har vi to valkrinsar; Bjerkreim krins brukar Bjerkreim bedehus som vallokale. Vikeså krins brukar kommunehuset som vallokale.

I kvart stemmelokale skal det vera ein leiar og ein nestleiar som skal ha ansvaret for gjennomføringa av valet på valdagen. I tillegg treng vi nokre medarbeidarar og nokre reserve.

Vi ber innbyggjarar i kommunen (over 18 år) som kan tenkja seg ei slik oppgåva, meldt seg på tlf. 51 20 11 00 eller e-post; postmottak@bjerkreim.kommune.no, innan 2. mai 2025.

Valloven er endra, så oppnemning skal nå gjerast av administrasjonen, ikkje av valstyret. Dei som blir oppnemnde og stiller på valdagen får informasjon, opplæring, godtgjering og dekka eventuelt tapt arbeidsforteneste.

KULTURMIDLER 2025

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjoner i Bjerkreim kan søke om kulturmider fra kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligger på hjemmesida vår: www.bjerkreim.kommune.no under skjema, kultur og fritid. NB! Husk å sende med årsmelding og regnskap for 2024

EGENBEREDSKAP

Mat du bør ha i hus i tilfelle krise
I en krise er det ikke sikkert du får handlet mat i butikken som vanlig. Derfor bør du ha nok mat for en uke til alle i hjemmet. Mange av oss har allerede en god del av det vi trenger for å klare oss selv i noen dager, så det er ofte ikke så mye som skal til for å komme helt i mål. Tenk gjennom hvordan du skal tilberede maten dersom strømmen eller vannet er borte.

Les mer om egenberedskap på sikkerhverdag.no

Råd om mat

- Pass på at du har litt ekstra av den maten du spiser til vanlig. Handler du før du er tom, vil du alltid ha et ekstra lager.
- Ha ekstra matvarer med lang holdbarhet, som kan lagres i romtemperatur.
- Gode eksempler er knekkebrød, havregryn, hermetiske linser og bønner, påleggshermetikk, energibarer, tørket frukt, sjokolade, honning, kjeks og nötter.
- Eksempler på langtidsholdbar mat som krever varmebehandling, er pasta, ris, posesuppe, mel, middagshermetikk og frysetørret mat.
- Hvis det er matvarer noen i hjemmet ikke tåler eller er avhengig av, må du planlegge for dette.
- Har du tenkt å tilberede mat på stormkjøkken, gassbluss eller gassgrill, bør du jevnlig sjekke at utstyret virker og er i god stand.



TEATER

Askeladden som stjal sølvendene til kongen

- For deg mellom 3 og 100 år
- Futt og fart
- Musikk og sang
- Varighet 40 min
- Gratis

Tid: Onsdag 7.4.25 kl. 17.00

Stad: Bjerkreim folkebibliotek

Arr: Biblioteket

UNGDOM TIL TALL SHIPS RACES

Har du lyst å vera Bjerkreim kommune sin medseilar i årets Tall ships races?

Du kan vera ein av dei heldige som får segla med Tall Ships Races frå Aberdeen til Kristiansand med «Christian Radich» eller fullriggeren «Sørlandet».

- Når: 21.-31. juli
- Kven: Ungdom frå Bjerkreim mellom 15 og 25 år
- Søknadsfrist: 22. april
- Eigenandel: kr 2 500
- Reiseforsikring: Alle deltakarar må ha eiga reiseforsikring og gyldig pass.
- For å søke må du gå inn på Bjerkreim kommune sin nettside - skjema/søknadssenter - kultur og fritid.
- Viss fleire søkerar blir det trekning

BJERKREIMSQUIZEN!

Onsdag 23. april kl.19.30 i kommunestyresalen.

Quizmaster: Roald Ripland.

Startkontingent: kr. 50,- kontant.

80 spørsmål. Pause med servering av kaffi og kjeks. Firemannslag. Kom gjerne åleine, så får du plass på eit lag!



BEAT FOR BEAT MED BJERKREIM BRASSBAND

Helgen 4., 5. og 6. april kl. 19.00 på Bjerkreim samfunnshus.

Plassbilletter kan kjøpes på TicketCo.events eller i døren før forestilling.

Dette må du ikke gå glipp av!

SOSIAL KVELD

Tirsdag 8. april kl. 19.00 i Folkehelsehuset. Åpent for alle. Trenger ikke være medlem av bygdekvinnelaget. Kom med eller uten håndarbeid til god drøs over kaffikoppen.

Arr. Bjerkreim bygdekinnelag.

SYSNELLENE

Avlyst 7. april og 5. mai, men inviterer til syhelg 9.-11. mai hvor vi skal sy veske med klaff og lomme. Påmelding til Anka 975 21 122, begrenset med plasser. Overnatting i dobbeltrom. Adresse for helgen: Ytre Heiavegen 282, Eikeland Gård. Kursholder Olaug Sleveland Johansen. Varmt velkommen.

TUR TIL KAUREBU

Mandag 29. april inviterer Bjerkreim bygdekinnelag til en hyggelig tur.

Vi møtes ved Coop Prix Bjerkreim kl. 18.00. Turen er åpen for alle.

INTERNASJONAL KVINNEGROPP

Torsdag 10. april kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise. Velkommen alle kvinner!

BINGO

Bingo onsdag 9. april kl 14.00- ca 16.00 i peisestova på Misjonshus. Alle velkomne.

Arr. Bjerkreim helselag

ÅRSMØTE BJERKREIMSHALLEN

Endret dato: Årsmøte for Bjerkreimshallen er flyttet til 7. april kl. 19.00. Send mail til Øyvind Espeland, oyvind@espelandas.no, for sakspapirer i forkant.



DEMENS ER MER ENN ALZHEIMER

Foredrag for pårørende til personer med demenssykdom:

Tirsdag 8. april kl. 17.00 i storsalen på Lagård Bo- og Servicesenter.

Audun Osland Vik-Mo, spesialist i psykiatri og overlege ved alderspsykiatrisk avdeling ved SUS kommer. Han holder foredrag om ulike demensdiagnosar, samt atferdsmessige- og psykologiske symptomer ved demens.

Arr: Dalane kommunene og Dalane demensforening.



ÆTTESOGELAGET

Tid: Torsdag 3. april kl 19.00

Stad: Kommunehuset

Hanne Thomsen fortel om hytta ved Okseavad. Per Thomsen, seinare redaktør i Aftenbladet, fekk bygd denne med hjelp av lokale bønder i 1933. Det blir vist bilete og fortalt om jakt- og fisketurar og om hemmeleg møteplass for motstandsfolk under krigen.

Etter maten: Historia rundt Austrumdalstølane, Sannane og Langebu.



BERSELØPET 2025

Søndag 27. april kl 14.00

Bli med på en flott 5,5km gå/lopsopplevelse rundt Bersevannet.

Alle får medalje, sjokomelk og bakst ved mål. Pengepremie til de tre beste herrene/kvinnene i aktiv klasse.

Påmelding i forkant til rune-osl@online.no, innen 25. april. (kontonr 3344 07 05907/vipps #141157) - eller på løpsdagen fra kl. 12.00 ved Bjerkreim bedehus (senest kl. 13.00). Start og mål: Bjerkreim bru.

AKTIV KLASSE

(Født 2011 eller før)

kr 300,- inkl. engangslisens (kr 270 med helårslisens)

TRIMKLASSE

(Fra 2012-2016 + andre uten tid)

100,- inkl. engangslisens (kr 80 med helårslisens)

Barn under 11 år kan springe sammen med en voksen.

NYTT AV ÅRET: LØP I LØPET!!!

Hvem blir første mann/dame opp Skaret fra start? Premie for denne klatreetappen. Tørr du å gå all out i starten? Hele løpet må fullføres.

BARNAS BERSE

Ta med foreldre, søsken, besteforeldre, tanter og onklar og gå tur rundt vannet og hei fram løperne. Det blir en overraskelse midt ute i løypa og alle får medalje ved fullført tur.

Kr 50,- pr. familie.

Arr: Friidrettsgruppen i Bjerkreim IL

PENSJONISTEN

Møte i Bjerkreim pensjonistforening torsdag 29. april på Samfunnshuset kl. 14.00.

Kåsør: Aslaug Undheim

Sang og musikk. Servering av gode smørbrød, kaker, kaffe og te. Åresalg og kanskje en liten quiz.

BUSSTUR:

Sommerens tur sammen med Helselaget går til Hidra om Jøssingfjord 5. juni. Påmelding senest 22. mai til Johan Vassbø tlf. 951 40 659, eller Else V. Vaule tlf. 477 51 043.

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 2. april går turen til Moi - Osland.

Oppmøte kl. 10.00 på Esso.

Ta med drikke og sitteunderlag.

Arr. Felles råd for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

PÅSKEMÅLTIDS-GUDSTENESTE

Skjærtorsdag.

Gjennom felles måltid, korsang, drama og enkel gudsteneste med nattverd, skal me ta del i påskens bodskap.

Tid: 11.00-13.00

Sted: Bjerkreim bedehus

Arrangør: Bjerkreim bedehus, Misjonshuset og Bjerkreim kyrkje

VIKESÅ MISJONSHUS

- 1. kl. 19.00 YngRes og Korvetten
- 2. kl. 18.00 Bønnemøte
- 9. kl. 17.30 Global cafe
- 9. kl. 20.00 Samtalemøte
- 18. kl. 19.30 Langfredagsmøte
- 25. kl. 20.00 Fredagsklubb
- 26. kl. 20.00 Ungdomslag
- 27. kl. 11.00 Søndagssamling og Awana (Søndagsskule)
- 28. kl. 19.00 YngRes og Korvetten

LANGFREDAGSMØTE

På Vikeså misjonshus 18. april kl. 19.30. Sångz presenterer tankar frå påskebodskapet gjennom song, tekstar og bilete. Velkommen!

BJERKREIM BEDEHUS

- 1. kl. 19.00 Bønnemøte
- 7. kl. 18.30 Guttelaget og jentelaget
- 8. kl. 19.00 Bønnemøte
- 10. kl. 18.00 Basar Guttelaget og Jentelaget
- 11. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff
- 12. kl. 19.30 BKU i kjellaren
- 13. kl. 11.00 Familiemøte, Imf
- 15. kl. 19.00 Bønnemøte
- 17. kl. 11.00 Påskemåltidsgudsteneste
- 21. kl. 11.00 Familiemøte, NLM
- 22. kl. 19.00 Bønnemøte
- 23. kl. 17.30 Global kafe
- 28. kl. 17.00 Yngres på tur, påmelding
- 29. kl. 19.00 Bønnemøte



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

Sundag 6. april kl 11.00

G3-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Palmesundag 13. april kl 11.00

Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje.

Skjærtorsdag 17. april kl 11.00 - 13.00

Felles påskemåltidsgudsteneste på Bjerkreim bedehus. Mat, musikk, enkelt påskespel og forenkla gudsteneste med nattverd.

Langfredag 18. april kl 11.00

Pasjonsgudsteneste i Ivesdal kyrkje.

1. påskedag 20. april kl 11.00

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Song av Maria Edland.

Sundag 27. april

Ikkje gudsteneste i soknet.

DØYPTE:

16.03.25 Ellie Brattebø Eikeland

DØDE:

07.03.25 Harald Magnus Foss

NYE NETTSIDER!

Bjerkreim sokn har fått nye nettsider. Gå gjerne innom og sjå; kirken.no/bjerkreim



Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 06.-08. april

**DET ER HÅP I
EIN DRÅPE VATN**
VIPPS til 2426

FASTEAKSJONEN: HÅP I EI DRÅPE VATN!

Nesten 800 millioner mennesker lever utan tilgang til rent vann i verda i dag, på grunn av tørke, flom, jordskjelv eller krig. **MEN** det er **HÅP!** Kirkens Nødhjelp arbeider både med akutt bistand i katastrofesituasjonar og langsiktige prosjekt for å redusera naud og fattigdom.

Vi i Bjerkreim kyrkjelyd er også med på Kirkens nødhjelps oppdrag! Den 8. april går konfirmantar på døra med bøsser og spørsmål om også **DU** vil vera med på dette oppdraget!

I fjar samla konfirmantane i Bjerkreim inn 70 000 kr til fasteaksjonen!

Her er måtar å gje på:

Vipps: 2426 SMS VANN til 2426 (300kr)

Fasteaksjonskonto **1594 22 87493**

HANLING MOT HÅPLØSHET

De førti hverdagene nå før påske fra Askeonsdag til og med Langfredag er kirkens fastetid. Faste handler ikke bare om å gi avkall på noe, men like mye om å gi videre av det vi har fått.

Det er lett å kjenne på handlingslammelse slik verden ser ut. Siden fasten i fjar har vi gått inn i en tid preget av enda mer uro, konflikt og polarisering. Når stormaktene snur ryggen til verdens mest sårbarer, blir vår felles innsats som kirke enda viktigere.

Da er det godt å vite at vi faktisk kan gjøre noe her fra Norge. Konkrete løsninger på for eksempel tørke kan redde liv, ikke bare som nødhjelp der og da, men vel så mye langsiktige endringer som hjelper mennesker ut av fattigdom. Gjennom arbeid der Kirkens Nødhjelp er engasjert får vi se «håp i en dråpe vann».

I Zambia har befolkningen opplevd den verste tørken på flere tiår i hele 2024. De som har deltatt i Kirkens Nødhjelps opplæring i klimasmart landbruk, har klart å dyrke mat gjennom tørken, forteller organisasjonen. Det er håp i en dråpe vann!

Kirkens Nødhjelp er også til stede i Sudan, Ukraina, Gaza og andre store humanitære kriser. Vann, mat,

telt, tepper og hygieneartikler er delt ut til ofre for ulike kriser takket være nettopp Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

I den årlege fasteaksjonen 6.-8. april som Den norske kirke samarbeider med Kirkens Nødhjelp om, skal over 40 000 konfirmanter og frivillige igjen gå fra dør til dør, eller på andre måter samle inn penger til rent vann og livsviktig hjelp.

Ta vel imot konfirmantene! Bli med å la konkrete handlinger overvinne håpløshet.

Anne Lise Ådnøy

Biskop i Stavanger bispedømme.



PRETESTUDENT

Lars Brakstad Kjosavik skal ha praksis hos oss frå 25. mars - 27. april. Ta godt imot han.

NY GJØDSELSBRUKFORSKRIFT

Vart vedteken den 30.01.25 og trådte i kraft den 1.02.25. Kva gjeld?

Arbeidet med den nye gjødselbruksforskrifta starta tilbake i 2009, og etter 16 års «svangerskap» er den her. Me vil forsøke å gå gjennom dei viktigaste endringane, og forklare når dei trer i kraft. Den viktigaste endringa er at ein ikkje lenger snakkar om GDE, men om **maks kg fosfor (P) pr. daa.** No skal også mineralgjødsel inn i fosforekneskapen dykkar.

Spreietidspunkt:

Fram til 01.01.27 gjeld dagens spreietidspunkt med 15.02, dersom frostfritt, og siste frist til å spreia på hausten er 01.09. Etter det vert det spreiestart 01.03 og siste frist 15.09. Statsforvaltaren har allereie sett i gang eit arbeid for å framleis ha siste frist for spreieing den 01.09. Kommunen kan ikkje lenger gje dispensasjon for utsett spreiefrist etter 01.09.25, det kan kun Statsforvaltaren! Silosoft vil også få siste spreiefrist 15.09 eller 01.09 frå 2027.

Gjødslingsjournal:

Alle foretak med meir husdyr enn det som tilsvarer 75 kg P, i praksis vil det vera alle i Bjerkreim kommune, skal frå 2026 ha ein eigen gjødslingsjournal i tillegg til gjødselplanen. Journalen skal vise: dato, areal, type gjødsel, mengde nitrogen og fosfor pr. daa og totalt N/P. Skal vera klar for kontroll innan 01.11.26 og skal lagrast i 5 år. Merk dykk at denne både skal innehalde brukta husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Endring i fosfortal for ulike dyreslag, som trer i kraft allereie i 2025, så dette er viktig!

Forskrifta tek hensyn til at avdrått og innhald i husdyrgjødsel har endra seg, sidan forrige grunnlagsmateriale på siste del av 1980-tallet.

Melkekø: Har 3 ulike ytelsesgrupper, og standard ytelse vil ligge mellom

7-9500 liter; levert meieriet, og her vil det verta ei innskjerping på 7,4 %. Har du derimot ein ytelse på 10 000 liter pr. ku, får du ei skjerping på 28,6 %. Ytelse under 7000 liter får ein liten reduksjon.

Øvrige storfe (ungdyr): Skjerping i krava på ca. 7 %.

Ammekyr: Liten reduksjon i kravet pr. dyr.

Sau: Inga endring i høve til tidlegare.

Slaktegris: Stor reduksjon frå krav på 420 daa fulldyrka jord pr. 2100 slakta griser, til nytt krav om 222 daa fulldyrka jord til same produksjon.

Purker: For purker vert endringa heilt motsett, dei får ein auke i kravet på ca. 71 %.

For dei øvrige dyreslag: sjå Landbruksdirektoratet sin kalkulator. Denne ligg også på våre nettsider, og viser behov for tal daa spreieareal for ulike produksjonar.

Gjødsellager:

Overraskande nok vert det inga endring i krav til lagringskapasitet, denne vil fortsatt vera 8 mnd. For svinegjødsel vil det koma krav til dekke, for eit visst produksjonsomfang.

Tal kg fosfor du har lov til å spreie pr. daa areal, og når trer du ulike endringane i kraft?

* Innmarksbeite: For innmarksbeite vert det lov til å nytte inntil 2 kg fosfor/daa/år. Me veit ennå ikkje om det her er tale om tal daa brutto innmarksbeite eller tal daa netto innmarksbeite(fråtrukket stein). Me har engasjert oss sterkt for å tolke regelverket slik at det er brutto innmarksbeite som gjeld. Me har prøvd å påvirke Statsforvaltaren, faglaga, landbruksdirektoratet samt LMD. Foreløpig er det heile usikkert, og det er derfor vanskeleg for oss å godkjenne meir spreieareal på beitene før me veit resultatet. Forskjellen på desse berekningsmetodane vil utgjera om lag

3400 daa bare i Bjerkreim, omrekna til dyrka jord. Me kjem attende med meir detaljer her.

* Dyrka jord og overflatedyrka jord:

2025 og 2026: 3,5 kg P pr daa

2027 - 2029: 3,1 kg P pr daa

2030 - 2032: 3,0 kg P pr daa

2033 og vidare framover: 2,7 kg P pr daa

Totalt gir dette ei innskjerping på 22,8 % + endringar på dei ulike dyreslag.

Men - me er heldige i Rogaland, for i Agder vert det maksimalt lov å bruke 2,3 kg P pr daa frå 2033.

Det er viktig å nytta desse åra til å tilpasse seg nytt regelverk, og ikkje vente til siste slutt. Husk: mineralgjødsla inngår i talet for maksimalt tilført fosfor, så den reelle skjerpinga kan vera enda større for enkelte av dykk .

Det vil vera endå viktigare for Bjerkreimsbonden å ha ei jord i god hevd både når det gjeld drenering og pH. Dette fordi med ein pH i jorda på om lag 5,5 er bare ca. 50 % av fosforet du tilfører tilgjengeleg for plantene. Med høgare pH, betrar du oppaket. Også for nitrogen får du ein positiv effekt med å kalke.

Biogass/Balansegjødsel og andre tiltak ?

Kva skal ein så gjera dersom ein har for lite spreie-areal, vil det hjelpe å leve husdyrgjødsla til eit biogassanlegg?

I utgangspunktet vil det ikkje hjelpe noko i det heile, såframt du ikkje ber biogassanlegget om å separere ut litt av det fosforet du har for mykje på din gard. Då må dei finne alternativ nytte for dette. Det er også høve for såkalt «balansegjødsling», det vil sei at du kan bruke opp til 3,5 kg fosfor pr. daa, dersom du klarer å dokumentere alle fosforstraumar inn og ut av garden din.

Det ein kan gjera først av alt, er å vurdera om ein verkeleg treng innkjøpt fosfor i form av mineralgjødsel på din gard.

INFORMASJON

GO Consult

Olav Engelsgjerd

Tlf. 906 99 409

post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

ALLE TRENG
GODE BØNNER
handbrent.no

Bestill her

INFORMASJON

tlf: 41 43 73 92

ARKIDAL
v/ Arne Dirdal

Teknisk tegner - byggesøknad,
tilbygg, påbygg og fasadeendring
ingen oppdrag er for små!

Vikesåbakkane, 4389 Vikeså
www.arkidal.no - post@arkidal.no



ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775 / 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO

FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED

Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDDALEN 95

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

coop
Vikeså

coop
byggmix

EXTRA

coop
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

Classification Open

coop



Egersund
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

RENSELØSNINGER TIL HUS OG HYTTER

LITT OM VÅRE ANLEGG:

- Tilfredsstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:

- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin

Tlf: 954 09 360 – post@sandnesmaskin.no

Fardal Bil AS

DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00

www.fardalbil.no